

råd til ungdommar med nedsett funksjonsevne.

ein reist leilegheiter med to soverom, noko som gjer det mogleg å ta i mot overnattingsbesøk av familie og venner. Eit ekstra soverom er også bra å ha i tilfelle ein bebuar vert sjuk, og må ha døgntilsyn i eiga leilegheit.

**Betala sjølv**
Med dei tilskot som vart gjeve, er det mogleg for ungdommane å betala ned restgjelda ut frå den uførepensjonen dei får. Dette var eit viktig moment i prosjektet.

– Det er ikkje rett om ungdommane vert sosialklientar av dette, dei må kunna betala det ut frå pensjonen, seier Skaar.



**BYGGA:** – Det må byggast nytt for å gje alle eit butilbod, seier Svein Gjerstad frå Lindås-administrasjonen, medan rådmann Øistein Søvik (til venstre) presiserte at det er politikarane som har det endelege ordet

# Kommunen vurderer bygging av bufellesskap i Knarvik/Alvermarka

**Av Ketil Tjore**
ketil@strilen.no

På møtet kom det fram at kommunen syslar med planar om å byggja fleire leilegheiter til brukarar med nedsett funksjonsevne.

– I administrasjonen har me diskutert to stader der det er aktuelt med nye bufellesskap, det er i Alvermarka og i Knarvik, seier Svein Gjerstad, som er leiar ved bestillar- og forvaltingskontoret i Lindås kommune.

Bakgrunnen for byggeplanane er at kommunen per no har inne sju søknader om denne typen bustad, i tillegg til at dei utfrå eiga kartlegging veit om ytterlegare ti som er fødde i 1994 eller 1995, og som vil ha trong for eit slikt butilbod.

Arrangørane av det opne møtet torsdag var NFU Lindås og Masfjorden, Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne (i Lindås), LO i Nordhordland og Fellesorganisasjonen (FO) i Hordaland. I tillegg til foreldre til ungdommar med trong for bustad hadde arrangørane også invitert kommunepolitikarar og administrasjonen i Lindås.

**– Kjem ei sak**
Per i dag har Lindås fem heileigde kommunale bufellesskap med i alt 34 einingar. Her ligg det altså an til ei monaleg utviding.

– Eg reknar med at administrasjonen førebur ei sak på dette, og at den kjem til politikarane i løpet av året, opplyser Gjerstad.

Medan Gjerstad sa at administrasjonen har tenkt å byggja fleire slike leilegheiter, var rådmann Øistein Søvik litt meir tilbakehalden. Søvik presiserte at han som rådmann berre skal utgreia ei sak, og at det er politikarane som må ta den endelege avgjerda om kva som skal gjerast.

**– Lindås ein motor**
– Me må prøva å bygga ut etter kvart som behovet er der, seier Søvik.

Han viste til at Lindås ligg langt framme i regionen innan utbygging av denne typen butilbod, og uttrykte ein viss skepsis for å vera «for flink». Står det ledige leilegheiter i Lindås, kan dei verta raskt fylte opp av strilar frå andre kommunar.

– Me ser at me får søkarar frå andre kommunar, og at folk flyttar til Lindås, seier Søvik.

Rådmannen sa vidare at det var mest tenleg for kommunen å etablera nye butilbod i nærleiken av Knarvik, med tanke på at bebuarane er brukarar av mange tenester som ligg i kommunesenteret.

**Kalla inn**
Frå salen vart det etterlyst betre informasjon frå kommunen når det gjeld tildeling av leilegheiter av denne typen.

Gjerstad lova at kommunen vil kalla foreldre inn til møte i forkant av ei eventuell utbygging, mellom anna for å sjå behovet.

– Me vurderer behov for leilegheiter også for dei som ikkje har søkt, seier Gjerstad.

